




Bokn skule



Bokn 06.06.16

INFORMASJON TIL HEIMANE

Wenche L. Havikbotn, rektor

tlf. 52752551

wenche.havikbotn@bokn.kommune.no

Ingunn Toft, kommunalsjef

tlf. 52752550

ingunn.toft@bokn.kommune.no

Heimeside skule og barnehage

www.bokn.kommune.no

Ansvarleg heimesida Stein Magnar Gjerde

Kontaktlærarar skuleåret 2015/16

No er kontaktlærarane på plass for neste år.

1. klasse:	Mona Dagsland
2. klasse:	Elise Teistedal Vikre
3. klasse:	Margrete Kallekødt
4. klasse:	Anne Lisabeth Jøsang
5. klasse:	Anita Dagsland
6. klasse:	Bianca Alvestad
7. klasse:	Merete Alvestad
8. klasse:	Silje Therese Høie
9. klasse:	Elin Kjetland
10. klasse:	Stine Waage

Som de ser på oversikten av kontaktlærarar så er det to nye hos oss til neste år. Mona Dagsland og Elise Teistedal Vikre har begge jobba i Vindafjord dette skuleåret.

Den endelege timeplanen med faglærarar vil ikkje vera offentleg før i august.

Når det gjeld samanslåing av klassar, vil me oppretthalda dei samanslåingane som me har hatt i år med nokre få endringar i kroppsøving. Sjå oversikt.



Samanslåingar:

- 1. og 2. klasse: naturfag, samfunnsfag og musikk (3 timar)
- 2. og 3. klasse: kroppsøving (2 timar)
- 3. og 4. klasse: naturfag, samfunnsfag, musikk, kunst & handverk, KRLE (9 timar)
- 4. og 5. klasse: kroppsøving (2 timar)
- 5. og 6. klasse: musikk og kunst & handverk (4 timar)
- 6. og 7. klasse: kroppsøving (2 timar)
- 9. og 10. klasse: kroppsøving (3 timar)

Leksehjelp

Leksehjelp vil bli som dette året, for 5. – 8. klasse. Det vil også vera dei same dagane – måndag og onsdag etter skulen. Meir informasjon og påmelding kjem til hausten.



Inndeling av skuledagen

Inndelinga av skuledagane vil bli slik me har hatt det i år med nokre små justeringar på friminutt.

1. – 4. klasse

- Måndag: 08:20 – 12:15
- Tysdag: 08:20 – 14:10
- Onsdag: 08:20 – 13:15
- Torsdag: 08:20 – 12:15
- Fredag: 08:20 – 13:00

5. – 10. klasse

- Måndag: 08:20 – 14:10
- Tysdag: 08:20 – 14:10
- Onsdag: 08:20 – 13:15
- Torsdag: 08:20 – 14:10
- Fredag: 08:20 – 13:00

Påmelding til SFO 2016/17

Minner om at fristen for påmelding til SFO er 10. juni. Me har hatt nokre tilbakemeldingar om problem med pålogging. Gi melding til skulen så snart som råd viss det skulle oppstå problem med den elektroniske søknaden.

Elektronisk påmeldingsskjema og informasjon finn de på heimesida til Bokn skule.

www.boknaskule.no

Mjølkk og frukt

Tine opnar for bestilling av mjølkk til neste år 6. juni. De må sjølv gå inn på nettsida til Tine for å bestilla.

Gå inn på: www.skolemilk.no

De kan også abonnera på frukt. Dette skal de også bestilla sjølv på nettet.

Gå inn på: www.skolefrukt.no

Dersom de bestiller no før ferien, får elevane mjølkk og frukt frå skulestart.



Skolefrukt.no



Skulestart hausten 2015

Første skuledag for elevane etter sommarferien er torsdag 18. august.

Plandag

Fredag 10. juni er det plandag. då har elevane fri og SFO er stengt

Avslutning for 10. klasse

Elevane i 10. har gjennomført skriftleg eksamen i norsk, og torsdag 9. juni har dei munnleg. Etter dette er det stort sett berre standpunkt og eksamenskarakterane me ventar på. I høve til dette har elevane fått med seg eit skriv om klagerett og prosedyre på korleis ein skal gjera viss ein vil klaga Dette skrivet vil også bli lagt ut på skulen si nettside.

På grunn av Sankthans arrangement torsdag 23. juni blir avslutningsfesten for 10 onsdag 22. juni kl. 18:00. Frist for påmelding er måndag, 20. juni kl. 12:00.

Påmeldinga blir sendt ut på SMS i løpet av veka, hugs å svara på denne.

Avslutning for skuleåret 2015/16

Det blir ein tradisjonell avslutning på skuleåret for elevane. Torsdag 23. juni blir det idrettsdag, og fredag 24. blir det dessertbord og ulike aktivitetar.

Tidlegare i vår organiserte FAU dagnadshelg på uteområdet aust for skulen. Det var eit veldig godt oppmøte, og foreldra fekk i løpet av helga laga ein grusa sti. Denne stien har blitt satt stor pris på av elevane og dei vaksne på skulen. Den blir flittig brukt.

Takk til alle som har vore med å jobba, og til FAU.

I løpet av neste skuleår skal me begynna å bruka den nye flotte fleirbrukshallen. Me gleder oss til det.

Opning av hallen er satt til 1. oktober, og etter dette vil all kroppsøving vera i hallen.

Til slutt vil eg ynskja alle ein god sommar, og ser fram til eit nytt spennande og innhaldsrikt skuleår!

Helsing

Wenche L. Havikbotn
rektor

